



MELLOMALTEREN MØTER NOTIDA

Fasinerte av islandske sagaer, melodiar, religiøse folkesongar, folkemusikk og feleslåttar, har Trio Mediævel og trompetisten Arve Henriksen sett saman plata *Rimur*. I songane møter mellomalder- og folkemusikk frå Island, Noreg og Sverige vår eiga tid. Plata er innspelt i Himmelfahrtskirche i München, og det vert sleppkonsert i Svenska Margaretakyrkan i Oslo 11. mars.



Alynda Segarra står for det sterkeste tonesette kampropet denne våren.

nokon måte. Desse songane har noko nytt og friskt over seg, ein vitalitet og ein energi som kjenne-teiknar ein artist som oppdagar seg sjølv på nytt.

HØGDEPUNKT


Mellom definitive høgddepunkt finst rockaren «Hungry Ghost,» og ikkje minst «Rican Beach,» med klare referansar til samtidige nordamerikanske urbane sentrum som Baltimore og Ferguson, der så mange menneske kjenner seg fordrivne frå eige byrom.

Segarras plate har fått meg til å tenkje på Sharon van Ettens *We There* (2014), ei plate med liknande emosjonell intensitet og politiskulturell slagkraft.

The Navigator er ei vakker og ofte gripande plate. Ho kombinerer eit varmt hjarte med ein knyttta neve, og skildrar tapserfaringar med ei forbitra kraft som verkar styrkande og samlande.

ØVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.



KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagabring@gmail.com

Storfelte koralkonsertar

Ensemblet Weser-Renaissance briljerer i Praetorius' overdådige lutherske kyrkjemusikk.

CD



MICHAEL PRAETORIUS:

Lutheran Choral Concerts

WESER-RENAISSANCE;
DIR.: MANFRED CORDES. CPO 2017

Sjølv om Wolfenbüttel midt i dagens Tyskland var og er ein småby, om lag på storleik med Ålesund, har han ei rik musikkhistorie. Situasjonen hans er typisk for Tyskland i den tida det var sett saman av eit lappeteppje av småstatar: I Wolfenbüttel residerte hertugane av Braunschweig-Lüneburg, som tilhøyre huset Welf, ei av Europas eldste adelslekter, som går attende til 700-talet. Og sidan kvar regent med respekt for seg sjølv laut ha eit flott hofforkester, minst like flott som naboregenten, var det i renessansen og barokken stor marknad for gode komponistar og dirigentar. (Småstateriet er vel grunnen til at alle middels store byar i Tyskland framleis har eige orkester og operahus).

MUSIKALSK DIALOG

Komponisten Michael Praetorius, som i Noreg er mest kjend for harmoniseringa av julesongen «Det hev ei rose sprunge», var hoffkapellmeister i Wolfenbüttel i tida rett etter 1600, og gjorde byen til



Arbeidsplassen til komponisten Michael Praetorius (ca. 1571–1621): Slottet i Wolfenbüttel, familiesetet til hertugane av Braunschweig-Lüneburg. Foto: Weser-Renaissance

eit sentrum i den nordtyske musikkulturen. Her komponerte han ei rekkje rikt instrumenterte såkalla «lutherske koralkonsertar», som ensemblet Weser-Renaissance på denne CD-en spelar seks av. I desse koralkonsertane deler Praetorius koret og orkesteret i ulike grupper som får *konserter* mot kvarandre, altså spela vekselvis som i ein musikalsk dialog – og somme tider som i ein kappestrid. Det musikalske utgangspunktet er lutherske salmar, som blir varierte og utsmykka med instrumenttale mellomspel.

DRUSTELEG

Mest imponerende er den ellevestemmige koralkonserten som opnar albumet, der Praetorius kombinerer den mellomalderske, latinske pinsesekven-

sen «Veni Sancte Spiritus» med Luther-salmen «Komm, Heiliger Geist, Herre Gott» (salme 206 i *Norsk Koralbok*, «Kom, Helige Ånd, Herre Gud»). Komponisten har ikkje presisert kva instrument som skal spela med, men løysinga til Weser-Renaissance læt overtydande – og herleg storfelt: Dei ti songarane blir akkompagnerte av tre svært ulike instrumentgrupper: Den fyrste gruppa, med fiolin og gambar, kling elegant. Den andre gruppa, med trombonar og zinke (eit bukkehornliknande blåseinstrument), kling litt rått og kraftfull. Og den tredje gruppa, som spelar berre blokkfløyte, kling mjukt og vart.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musiker og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

Sjeldsynte Chansons

CD



CLAUDE DEBUSSY,
GABRIEL FAURÉ:

Fêtes Galantes

BETTINA SMITH,
MEZZOSOPRAN; EINAR RØTTINGEN,
KLAVER. LAWO 2016

Bettina Smith, fyrsteamanuensis i song ved Universitetet i Stavanger, og Einar Røttingen, professor i klaver ved Griegakademiet i Bergen, syner oss på dette albumet to komponistar som førte den franske musikken frå romantikken over i modernismen: Gabriel Fauré (1845–1924) og Claude Debussy (1862–1918) – fyrstemnde er mest kjent for kammermusikken, sistnemnde for klaver- og orkesterverka. Men

begge skeiv og framifrå kunstsongar, det franskmennene kallar *chansons*, som me i Noreg sjeldan får høyra.

Sopranklangen til Smith er litt mørk og sølvaktig i leten, og sjølv om vibratoen er stor, er det ikkje noko å seia på intonasjonen eller diksjonen. Fint er det at ho held attende på vibratoen i dei partia der songstemma er deklamerande, altså nærast talande på ein tone. Akkompagnementet til Røttingen er solid, med perlande artikkulasjon i forspela, og mjuk, vakker klang i dei «svevande» akkordane som er så typiske for impresjonisten Debussy. Difor er det leit at klaveret læt så langt «bak» i lydiletet på opptaket; hadde det vore meir present, ville nysansane i Røttingens spel blitt tydelegare.

SJUR HAGA BRINGELAND



Den franske komponisten Claude Debussy (1862–1918). Foto: Wikimedia